



Tap i seriedebuten fo far Haldor og son Bjørn Olav. Tredje generasjonViljar i midten.

Far Haldor og son Bjørn Olav Tveit var med på laget då den nye Folgefonna Sjakklubb i helga debuterte i andre divisjon i Vestlandsserien. Begge tapte sine parti, medan Bagher Tortazdi vann og Aslak Jonevik spela remis. Dermed vart det tap for den nye klubben for Masfjorden 2, som har eit veksande miljø for sjakk og stilte som klår favoritt mot debutantane frå Kvinnherad-

Uskedelingen Bjørn Olav Tveit seier til Kvinnheringen at det var kjekt, men uvant å spela slik dei gjorde, Han er mest vant med spel på nett og det er mykje nytt å forhalda seg til. Regelverket i serien er utfordrande og det tek si tid å læra det.

Det vert spela ein kamp i månaden, men enno er det ikkje kjent kven den neste motstanderen blir.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen